



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
17.01.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/252 611
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland
Vestkant svømmerne
Hordaland Svømmekrets

Utlysning av midlar - Symjeopplæring til barnehagebarn 2017

Kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar som ønskjer å drive symjeopplæring i barnehagen, kan søkje Fylkesmannen om tilskot for 2017.

Tilskot

Fylkesmannen i Hordaland lyser med dette ut midlar til symjeopplæring for barn i barnehagar. Fylkesmannen har fått tildelt kroner 3 248 000 som skal nyttast til formålet. Ein kan søkje om inntil kr. 1.750,- per barn.

Tilstrekkeleg symjedugleik

Tilskotet skal bidra til at kommunar og frivillige organisasjonar kan gjennomføre tiltak for å gi barn i barnehage tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn. Målet er å gi barn betre symjedugleik.

Målgruppe

Barn i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i alderen 4-6 år i Hordaland.

Vilkår for tilskot

Opplæringa skal skje i barnehagen si opningstid og i basseng. Tilskotet skal nyttast til aktivitetar relatert til symjeopplæring av barna. Det er viktig at gutar og jenter får eit likeverdig tilbod.

Ein kan søkje om tilskot for eitt kalenderår om gongen.

Organisering

Tilskotsmottakarane vel korleis opplæringa skal organiserast og gjennomførast. Kommunar og frivillige organisasjonar må sjølve dekkje kostnader ut over tilskotet.

Søknad om tilskot

Søknadsfristen er **12. februar 2017**.

Kommunar og barnehagar vert oppmoda om å samarbeide internt og å sende felles søknad til Fylkesmannen. Organisasjonar søkjer direkte til Fylkesmannen.

Adresse for søknaden: Fylkesmannen i Hordaland, Bergen.

Send e-post til fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Søknaden må innehalde :

- kor symjeopplæringa skal skje
- kor mange barn som skal delta
- kor mange timar symjeopplæring
- sjølve opplegget for symjeopplæringa
- reiseutgifter og eventuell pris ved leige av symjehall
- søknadsbeløp
- kommunen/organisasjonen sitt organisasjonsnummer, kontonummer og adresse

Behandling av søknader

Fylkesmannen behandlar søknadane og fattar vedtak om tilskot eller avslag rett etter utløpet av søknadsfristen. Midlane blir utbetalt fortløpande etter behandling av alle søknader.

Rapportering

Tilskotsmottakarane skal innan 1. desember 2017 rapportere til Fylkesmannen om bruk av midlane. Rapporten skal innehalde informasjon om kor mange barn (gutar og jenter) som deltok frå kommunale og ikkje-kommunale barnehagar og kor mange timar det er brukt på symjeopplæringa totalt.

Med helsing

Hanne Melander
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.